

Arkivnr: 2017/1480-1

Saksbehandlar: Signe Sætre

Saksframlegg**Saksgang**

<u>Utval</u>	<u>Saknr</u>	<u>Møtedato</u>
Yrkesopplæringsnemnda		09.03.2017
Utval for opplæring og helse		14.03.2017

Oppnemning av prøvenemnder**Samandrag**

Arbeidet med prøvenemnder er ei svært viktig oppgave for Hordaland fylkeskommune. Hordaland er eitt av dei største fagopplæringsfylka i landet og er heilt avhengig av at prøvenemndsarbeidet fungerer godt. Prøvenemndsmedlemmene gjer eit omfattande arbeid med gjennomføring av prøver, og det å ha ei god forankring i yrkesopplæringsnemnda av dette arbeidet er naudsynt, slik at verva opplevast som viktige, og at nemndsmedlemmer ikkje opplever det som problematisk mellom anna å få fri til å gjere jobben. Fagopplæringskontoret har ved dei siste to oppnemningane opplevd det vanskeleg å få medlemmer til dette vervet. Honorarsatsane for prøvenemndsarbeid har ikkje vore justert på fleire år. Hordaland har difor auka satsane frå 01.01.2017 i tråd med tilrådingar frå fylkesutdanningsjefane sitt kontaktutval.

Forslag til vedtak

1. Rutinar kring oppnemning vert lagt inn som ein del av arbeidet med tiltaksplanen for fagopplæringsområdet i 2017.
2. Rutineomtalen må innehalde kvalifikasjonskrav til medlemmer.
3. Arbeidet må også vise tydeleg framgangsmåte ved hovudoppnemningar og vedlikehald av prøvenemnder i perioden.
4. Fagopplæringskontoret lagar ei politisk sak på oppnemning som skal leverast hausten 2018. Saka skal innehalde rammer for arbeidet i 2019.

Rune Haugsdal
fylkesrådmannSvein Heggheim
fylkesdirektør opplæring*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 17.02.2017

Arbeidet med prøvenemnder er ei svært viktig oppgåve for Hordaland fylkeskommune. I dei seinare åra har volumet på tal prøver overstige 3100 pr. år. Det er krevjande å handtere eit slikt omfattande volum. Kvart fjerde år vert det nemnt opp om lag 750 medlemmer til prøvenemndsarbeid i Hordaland, fordelt på om lag 100 fag. Nokre fag har liten aktivitet, medan det i andre fag er eit stort press på gjennomføring av prøver. Dei 25 største faga utgjer om lag 85% av produksjonen for prøvenemnder i Hordaland fylkeskommune. Samtidig registrerer fylkeskommunen ei minkande interesse for deltaking i nemndsarbeid. Nokon seier at det er for tidkrevjande, at dei ikkje får nok kompensert for arbeidet eller at dei opplever at krav til å utarbeide dokumentasjon gjer det vanskeleg.

Det å ha ei god forankring av arbeidet i yrkesopplæringsnemnda er viktig slik at verva vert opplevd både som viktige og slik at nemndsmedlemmer ikkje opplever det som problematisk å få fri til å gjere jobben. Dette er ikkje eit stort problem, men noko som vi registrerer frå tid til anna. Det at arbeidsgjevar-organisasjonane har eit eigarskap til prøvenemndene, gjer at desse spørsmåla kan løysast andre stader enn mellom prøvenemndsmedlem og arbeidsgjevar.

Det er naudsynt at dei partane som har underskrive samfunnskontrakten, har eit tydeleg eigarskap til oppnemning av nye prøvenemnder. Administrasjonen ser at dette varierer mellom fag og må i mange samanhengar arbeide noko ad hoc-prega i forhold til dette.

I ein e-post frå Virke datert 02.02.17 fekk administrasjonen melding om at så lenge dei ikkje hadde noko sete i yrkesopplæringsnemnda, kom dei ikkje til å engasjere seg i oppnemninga av prøvenemnder. Dette påverkar også oppnemninga av nemnder. Virke er ein stor aktør på arbeidsgjevarsida i statleg sektor.

Administrasjonen ser at det er trong for å stramme opp rutine noko i forhold til dei store partane i arbeidslivet. Ved førre oppnemning vart det sendt ut brev ikkje berre til partane, men også til dei underliggjande organisasjonane. Administrasjonen fekk melding om at LO og NHO ikkje kunne ta stilling til ei slik bestilling. Administrasjonen ser at dette var uheldig.

Fylkeskommunen er opptatt av at partane har eit tydelig eigarskap til oppnemninga, og er avhengig av at dei som tradisjonelt har gjort eit godt stykke arbeid for Hordaland fylkeskommune, også i framtida gjer det.